



Illustrasjonsfoto frå Midtjellet i Fitjar med heile 44 vindmøller.

NVE kartlegg fjellområde som er aktuelle for vindmølleutbygging. I den fyrste vurderinga har dei kome fram til 43 område som blir rekna som godt eigna. Tre av desse omfattar store deler av Kvinnherad. Desse skal vurderast vidare for å finna ut kva område som kan vera aktuelle for utbygging. Fristen for uttale er 20. oktober. Uskedalsfjella høyrer til analyseområde 15.

Her ser de dei aktuelle områda frå Kvinnherad:

Analyseområde 15:

- Fjellområde kring Manen, Englafjell og Mjelkhaug.
- Fjellområde kring Mannsvatnet.
- Fjellområde på austsida av Matersfjorden (Håfjell – Reikatindane – Ingastølen) og fjellområde frå Vardafjell til Møsevatn.

Analyseområde 16:

- Nord ved Sæbøvik (Toftåsen og Stormyra).
- Nordleg del av Fjelberg
- Nordleg del av Borgundøy
- Åsgardsvika - Husnes.

Analyseområde 17:

- Fjellområdet over Gjerde og Sunndal, like vest for den nordlege delen av Folgefonna.

Kvinnherad Turlag kalla inn til pressekonferanse i dag kl. 12. Turlaget er imot utbygging av vindmøller i Kvinnherad. Det vil skapa store og omfattande inngrep i verdifull landskap og natur, og vera skadeleg for både friluftsliv og turisme. Det vert synt til Midtjellet i Fitjar med heile 44 vindmøller, som vert rekna som ein av dei største vindparkane i landet. Her føreligg det planar om ein auke på 11 vindmøller.

Uskedalen høyrer til analyseområde 15. Kartet syner at fjella Manen, Englafjell, Solfjell og Hauglandsfjellet ligg innafør det som rekna som eit aktuelt utbyggingsområde. Saka skal på høyring og det høve for alle å senda fråsegn til NVE.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/illustrasjonsfoto frå Midtfjellet



Solfjell ligg innafør analyseområde 15 i NVE si vurdering.